

Referat frå møte i FAU ved Ostereidet ungdomsskule 9. Januar 2019

Desse møtte: Stein Carlos Fyllingsnes, Heidi Vedå, Camilla Brekke, Marius Hindenes og Karoline Romarheim.

Sak 1/19 innkalling godkjent, med merknad om at saklista mangla.

Sak 2/19 Evaluering av julefrukosten: Det at me var mange dagen før og fekk gjort mykje då, gjorde at det var god tid om morgonen. Det hadde ikkje vore nødvendig å vera der så tidleg som klokka 07.00. Tidspunktet for når frukosten skulle vera klar var dårleg kommunisert. Me hadde fått vete at maten måtte vera klar til klokka 08.30, men i realiteten kom ikkje elevane før klokka var nærare 0900. Det gjorde at eggerøra var kald, og dei glutenfrie rundstykkane var harde. Kva kan me ta med oss frå denne frukosten til neste:

- Lag eggerøra kvelden før og sett i kjøleskap
- Kvelden før var me fem-seks personar, og arbeidet gjekk raskt unna.
- Det same gjaldt morgonen, då møtte ein person frå kvar klasse og ryddinga gjekk fort.
- Veldig lurt med eige bord til glutenfritt med godt utval i pålegg.

Camilla reinskriv handlelista og skriv på kva som kan sløyfast og kva det trengs meir av. Det er nok med 3 24-pakningar med egg til eggerøre, og ei 12-pakning til kokte egg (gjekk ikkje så mykje)

Sak 3/19 Temakveld våren 2019

FAU ynskjer å arrangere ein temakveld for foreldre og elevar våren 2019. Me satsar på å invitere politiet, eller andre føredragshaldarar som kan snakke om rus-problematikk. Kva treng foreldre vera merksame på, og kva kan me foreldre gjere for å gje ungdommane våre gode haldningar mot rus. Me ser for oss ein kveld der ungdommane og dei vaksne kan vera delt, og få undervisning på ulikt nivå, men om det same temaet. Camilla tek kontakt med Gjert Einar Ebbesen då han nemnde at han hadde nokre kontaktar. Me håpar å ha noko konkret klart før neste FAU-møte. Camilla får ansvar for saka.

Sak 4/19 Samarbeid med kontaktlærarane.

Ingen av foreldra i FAU veit om at kontaktlærarane har teke kontakt for samarbeid. 10. klasse prøvde å få til ein sosial samankomst i haust, men hadde få påmeldte slik at det vart avlyst. Då var kontaktlærar til hjelp med å sende ut e-post. Elles er me positive til eit slikt samarbeid. Det er nok viktig å kome i gang med sosiale tilstellingar med både elevar og foreldre i 8. kl, slik at både foreldre og elevar vert kjent med kvarandre. Me håpar kontaktlærarane tek kontakt. Me saknar også møter i SU og SMU og håpar også desse organa kjem i gang.

Sak 5/19 Påskefrukost

Rektor har sendt eit spørsmål om ikkje det hadde vore koseleg med ein skulefrukost også før påske, slik som foreldra arrangerer før jul. Det er FAU heilt einige i, men den kan me ikkje ta på oss å arrangere. Me foreslår at skulen sjølv organiserer det etter modell frå barneskulane. Der får kvar elev beskjed om å ta med seg ein type pålegg, kokte egg, ein

frukt, grønnsak eller jus. Skulen kan stille med brødmatt og så håpar me det nye allrommet i biblioteket er klart til påske slik at ein kan ete saman der.

Sak 6/19 Kick off for elevar i 10 klasse før eksamen.

Rektor spør om det kan vera ein god ide at elevane i 8. klasse steller i stand noko kjekt for 10.kl før det brakar laus med eksamen. Dette synest me høyrrest kjekt ut, men me treng litt meir konkret informasjon om kva som skal gjerast då me er usikre på kva som er tanken.

Sak 7/19 nyttårsballet.

Alt er i rute. Ingvard Jordal har gjort ein god jobb og alle foreldra er engasjerte på ulikt vis. Stein Carlos har kjøpt fyrverkeri. Han leverer det til Øyvind Nedraas som er ansvarleg for å skyte det opp. Rekninga vert levert til skulen då dei har billettpongane. Det var lurt å bruke klasesida på facebook til å rekruttere hjelpearar til festen.

Sak 8/19 Sommarfest

Foreldra i 9. klasse er alt i gang med planlegging av festen. Overskotet i fjor var på ca. 5000 kr. Det vart brukt til ein fellesmiddag på turen. Det kan vera lurt å invitere sjuandeklassingar frå Leknes, Kløvheim, Eikanger og Ostereidet. Hugs å sjekke posar og vesker for alkohol.

Sak 9/19 ymse

- Me ynskjer at helsesøster/helsesjukepleiar kjem ein annan vekedag, slik at ho får ein heil skuledag til rådighet. Dette bør skulen ta tak i og ordne.
- Seksualundervisning på 9.trinn: i fjor var det nokre medisinstudentar som hadde denne undervisninga. Etter det me har høyrte vart det litt annleis enn det me foreldre ynskjer. Fokus må vera på det normale for ein 14-15-åring, ikkje kva som er normalt for vaksne medisinstudentar. Me ynskjer at lærar og helsesøster tek denne undervisninga for å sikre at nivået vert rett.
- Miljøarbeidar: kvifor har ikkje Ostereidet ungdomsskulen ein miljøarbeidar? Me er etter det me kjenner til, den einaste ungdomsskulen i kommunen utan slik arbeid. Me oppmodar rektor til å arbeide for å fa ein miljøarbeidar på skulen frå hausten 2019. Det må gå an at ein person jobbar nokre dagar i veka ved vår ungdomsskule og nokre dagar ved ein av dei andre skulane. Me håpar saka vert teke opp i dei rette fora.
- Flytting av ungdomskubben frå Eknes til Ostereidet. Medlemmane i FAU ynskjer ikkje at det skjer. Me ser for oss at ungdommane då vil reke på butikken og rundt på bygda slik dei gjer når det er fredagskafe. På Eknes er dei inne i huset, og dei er samla. Me er svært nøgde med tilbodet slik det er pr. i dag.
- Klasse 9A har ikkje vald foreldrerepresentant. Stein Carlos tek kontakt med Erling Rosnes og ber han ordne opp i det. Det må veljast ved loddtrekning om ingen melder seg.

Møte slutt.

Nytt møte vert 6.februar 2019

Referent Karoline Romarheim